



FISKERIDIREKTORATET

Evalueringsrapport - Utdrag

Tilsyn 2020 - Miljøpåverknad frå legemiddel

Tilsynsutviklingsseksjonen januar 2021

Livet i havet – vårt felles ansvar

Evalueringsrapport - Utdrag

Tilsyn 2020 - Miljøpåverknad frå legemiddel

Årstall 2021	Ansvarleg avdeling: Kyst- og havbruksavdelinga	Emneord: Tilsyn, legemiddel, evaluering
Arkivsaksnummer: 19/8035	Dato: [Dato utgitt]	Totalt tal sider: 15
Saksansvarleg: Magnus Torvik	ISSN/ISSB: [ISSN/ISSB]	

Tilsyn 2020 - Miljøpåverknad frå legemiddel

Samandrag

Fiskeridirektoratet gjennomførte i 2020 ein tilsynskampanje med mål om å undersøkje om verksemdene gjennom sine internkontrollsystem sikrar miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel. Fiskeridirektoratet gjennomførte 22 tilsyn i kampanjeperioden, noko som gav totalt 70 avvik og 23 forbetningspunkt. Tilsynet avdekte sju tilfelle med klare brot på forbodet mot å sleppe ut legemiddel nærare enn 500 meter frå rekefelt og gytedefelt.

Resultata frå tilsynskampanjen viser at verksemdene utøver internkontroll i arbeidet med å kartleggje og redusere dei negative miljøeffektane frå utslepp av legemiddel. Korleis selskapa vurderer om eit utslepp av legemiddel mot lakselus er miljømessig forsvarleg, varierer både i innhald og kvalitet. Ikkje alle selskap har hatt like mykje fokus på at legemiddel kan ha negative konsekvensar for miljøet.

Resultata frå tilsynskampanjen tyder på at både regelverket og Fiskeridirektoratets rettleiing til regelverket ikkje er godt nok implementert i internkontrollsystema til akvakulturverksemdene. I dei fleste tilfella kor vi har avdekt at akvakulturverksemdene bryt regelverket, ser det ut til at verksemdene har for lite kunnskap om miljøet kring oppdrettsanlegget.

Tilsynskampanjen avdekte samla sett eit relativt stort tal avvik, noko som viser at det var viktig å sette miljøpåverknad frå legemiddel som eit prioritert område for tilsyn i 2020.

Fiskeridirektoratet har gjennom tilsyna formidla ut våre forventingar til næringa når det gjeld bruk og utslepp av legemiddel. Verksemdene som har hatt tilsyn har på si side gjennomført forbetningar som skal sørge for at regelverket blir etterlevd, og vi vurderer at tilsyna har hatt god effekt.

Evalueringsrapport - Utdrag

Tilsyn 2020 - Miljøpåverknad frå legemiddel

Innhald

1. Innleiing	3
1.1. Bakgrunn	3
1.2. Mål for evalueringa	3
1.3. Problemstillingar i tilsynskampanjen	3
2. Gjennomføring av tilsynet	5
2.1. Utval	5
2.1.1. Evaluering.....	6
2.1.2. Lærdom	7
2.2. Kravliste	7
2.3. Særskilde utfordringar	7
2.3.1. Utforminga av regelverket	7
2.3.2. Reinsesystem	8
3. Resultat frå tilsynet	9
4. Effekten av tilsynet	13
4.1.1. Evaluering.....	13
4.1.2. Lærdom	13
5. Oppsummering	14

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Fiskeridirektoratet starta i 2019 ein tilsynskampanje med utslepp og miljøpåverknad frå legemiddel. Målet med kampanjen var å førebyggje at legemiddel knytt til akvakultur vart sleppt ut med for kort avstand til reke- og gytefelt. Tilsynet vart gjennomført som dokumentkontroll. I 2020 vart kampanjen utvida og målet var å undersøkje om verksemdene gjennom sine internkontrollsystem sikrar miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel.

1.2. Mål for evalueringa

Det følgjer av føringsbrevet at det skal gjerast ei evaluering av tilsynsområdet miljøpåverknad frå legemiddel. Hensikta er å summere opp resultatata frå tilsynet og hauste erfaring frå gjennomføringa av kampanjen, for dermed å kunne trekke ut læring til vidare tilsyn på området.

I tillegg til å summere opp resultatata frå tilsynet, skulle evalueringa ta føre seg effekten av tilsynet og ei vurdering av gjennomføringa. Evalueringa av tilsynskampanjen er summert opp i ein intern evalueringsrapport. Vi gir her eit utdrag av rapporten med tanke på dei problemstillingane som kan vere interessante for eksterne aktørar.

1.3. Problemstillingar i tilsynskampanjen

Akvakulturregelverket krev at drift av akvakulluranlegg skal vere miljømessig forsvarleg¹. Ved bruk av legemiddel skal verksemdene vise særleg aktsemd for å unngå uakseptable effektar på miljøet². Det er også sett grenser for bruk og utslepp av særskilde legemiddel³. Den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at det vert innført og utøvd internkontroll, og må sikre at internkontrollen omfattar krava til forsvarleg bruk av legemiddel.

Fiskeridirektoratet gav i august 2019 ut ein rettleiar om forsvarleg utslepp av legemiddel ved behandling mot lakselus⁴. Målgruppa for rettleiaren er akvakulturverksemdar (innehavarar av akvakulturløyve), og denne publikasjonen omtalar kva som ligg i plikta om å unngå uakseptable effektar i miljøet omkring oppdrettsanlegget.

Fiskeridirektoratet har mynde til å føre tilsyn med at føresegna om bruk av legemiddel og andre kjemikaliar i akvakulturdriftsforskrifta §§ 15, 15 a og 15 b og forskrift om transport av akvakulturdyr § 22 a vert følgt. Tilsynsansvaret omfattar også ansvaret for å sjå til at akvakulturdrifta, og her under bruk av legemiddel og kjemikaliar er teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg.

Med bakgrunn i krava i akvakulturregelverket og i rettleiaren, skulle følgjande problemstillingar undersøkjast i kampanjen:

¹ Akvakulturloven §§ 10 og 12, akvakulturdriftsforskrifta § 5 første ledd.

² Akvakulturdraftsforskrifta § 15.

³ Akvakulturdraftsforskrifta §§ 15 a og 15 b.

⁴ <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Dokumenter/Veiledere/Utslipp-av-legemidler-ved-behandling-av-lakselus>

- Korleis sikrar verksemda at regelverket om miljømessig forsvarlig bruk av legemiddel er tilgjengeleg og kjent i organisasjonen?
- Har verksemda oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde knytt til bruk av legemiddel er fordelt i organisasjonen?
- Syter verksemda for at arbeidstakarane har kunnskapar og ferdigheiter om internkontrollen knytt til bruk av legemiddel?
- Syter verksemda for at arbeidstakarane medverkar i internkontrollarbeidet slik at samla kunnskap og erfaring blir utnytta?
- Har verksemda konkrete og evaluerbare miljømål for bruk av legemiddel, og er det utarbeida planar og tiltak for å oppnå måla?
- Er det gjort risikovurderingar for negativ miljøpåverknad ved bruk av legemiddel, og er det utarbeida planar og tiltak for å redusere miljøpåverknaden?
- Har verksemda rutinar for å førebyggje, avdekke og rette opp avvik frå krav som gjeld miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel?
- Har verksemda skriftlege rutinar som sikrar at internkontrollsystemet blir regelmessig oppdatert?

Fakta boks – Regelverk

I legemiddelkampanjen har vi sett nærare på desse krava i regelverket:

Akvakulturloven §§ 10 og 12.

Akvakulturdriftsforskrifta §§ 5, 15, 15a, 15b og 41 første ledd bokstav f.

Forskrift om IK-Akvakultur §§ 4 og 5.

Forskrift om transport av akvakulturdyr § 22a.


2. Gjennomføring av tilsynet

2.1. Utval

Fiskeridirektoratet utvikla eit nettbasert utvalsverktøy for denne tilsynskampanjen. Målet var å sikre eit risikobasert utval av tilsynsobjekt. Utvalsverktøyet baserte seg på data om nærleik til forbodsoner, henta frå Fiskeridirektoratets kartverktøy Yggdrasil, sett saman med kva legemiddelbehandling som var meldt inn til Mattilsynet på kvar enkelt lokalitet⁵. På denne måten kunne vi presentere ei lett tilgjengeleg oversikt over bruken av legemiddel mot lakselus ved rekefelt og gytefelt for torsk.

Det vart tidleg klart at tilsynet i hovudsak kom til å rette seg mot verksemdar som hadde brukt legemiddel til badebehandling mot lakselus ved lokalitetar som låg nærare enn 500 meter frå rekefelt eller gytefelt for torsk.

Verksemdar som hadde brukt legemiddel av typen kitinsyntesehemmarar, viste seg å ikkje vere aktuelle for tilsyn i denne kampanjen. Dei tre siste åra er det ikkje rapportert eit einaste tilfelle med bruk av kitinsyntesehemmarar i fôret ved lokalitetar som ligg nærare enn 1000 meter frå rekefelt (figur 1). Det vart heller ikkje avdekt tilfelle kor desse avlusingsmidla var brukte oftare enn kvar sjette månad. Det ser dermed ut til at alle akvakulturverksemdene i landet har innretta seg etter krava i akvakulturdriftsforskrifta § 15 a, som tok til å gjelde frå 27. februar 2017. Dette er viktig informasjon som sjølve utvalsverktøyet gav oss.



Figur 1. Bruk av kitinsyntesehemmarar og legemiddel til badebehandling nær rekefelt og gytefelt.

Figuren viser utvikling i bruken av legemiddel mot lakselus nær rekefelt og gytefelt dei siste seks åra. Kvar registrering viser til ei veke der det er brukt legemiddel ved ein lokalitet som ligg innanfor forbodssona rundt slike felt. Tala er genererte frå utvalsverktøyet som Fiskeridirektoratet utvikla for legemiddelkampanjen. Dei mørke søylene viser bruken av legemiddel til badebehandling nærare enn 500 meter frå rekefelt og gytefelt for torsk. Dei lyse søylene viser bruken av kitinsyntesehemmarar nærare enn 1000 meter frå rekefelt. Reglane som set restriksjonar for bruken av kitinsyntesehemmarar og legemiddel til badebehandling, tok til å gjelde frå 27. februar 2017.


⁵ Data vart henta ved hjelp av API frå Barentswatch.no.

Tilsynet brukte kartverktøyet Barentswatch for å kontrollere brønnbåtaktiviteten i det aktuelle tidsrommet. I nokre tilfelle var det ikkje registrert brønnbåtaktivitet. Dette indikerte at fisken var behandla ved bruk av heilpresenning utanpå notposen, noko som viste seg å vere tilfelle. Der det var registrert brønnbåtaktivitet, viste plott av posisjonen til brønnbåten ved ulike tidspunkt eit rørslemønster som i fleire tilfelle gav klare indikasjonar på kor fartøyet hadde sleppt ut behandlingsvatnet (og dermed legemiddelet). I andre tilfelle var dette meir uklart. Då måtte sakshandsamaren kontakte det aktuelle fartøyet for å hente opplysningar om når og kor dei hadde tømt behandlingsvatnet.

2.1.1. Evaluering

Eit presist utval gjorde at Fiskeridirektoratet kunne føre tilsyn med dei akvakulturverksemdene som hadde størst risiko for negativ miljøpåverknad og brot på regelverket. Eit kontinuerlig oppdatert utvalsverktøy blir også trekt fram som ein viktig faktor. Ei slik oppdatert arbeidsliste over lokalitetar som var aktuelle for tilsyn, gjorde at regionane kunne følgje opp selskapa relativt kort tid etter avlusing og dermed redusere risikoen for framtidig negativ påverknad på miljøet.

Nettsida www.barentswatch.no visualiserer brønnbåtaktiviteten på ein måte som var nyttig for Fiskeridirektoratet i denne tilsynskampanjen, med posisjonsregistrering i kartet kvart minutt (figur 3).



Figur 3. Døme på korleis Barentswatch visualiserer brønnbåtaktivitet.

Skjerm bilde frå nettsida www.barentswatch.no, som viser posisjonsregistrering av ein brønnbåt ved ein akvakulturlokalitet. Kvar trekant markerer posisjonen til båten, med registreringar kvart minutt når båten har framdrift.

Det var ei utfordring for tilsynet at Barentswatch ikkje viser om brønnbåtane går med opne eller lukka ventilar. Spesielt var dette vanskeleg om kartet viste overlappende registreringar for ulike fartøy. Sakshandsamaren måtte i fleire tilfelle kontakte dei aktuelle brønnbåtane for å få tilsendt dokumentasjon på kva posisjon fartøyet hadde då behandlingsvatnet, og dermed legemiddelet, vart sleppt ut i sjøen og skifta ut med reint sjøvatt i brønnen. I slike tilfelle er vi avhengige av å få korrekt informasjon frå verksemda for å kunne utføre tilsynsoppgavet. Det er foreslått endringar i driftsforskrifta som vil gje plikt til å rapportere til Fiskeridirektoratet om tidspunkt, geografisk posisjon, lokalitet og type legemiddel ved

utslepp av behandlingsvatn tilsett legemiddel. Forslaget er sendt på høyring, med høyringsfrist 31.03.2021.⁶

Undervegs i kampanjen fekk fleire gyteområde i ein av Fiskeridirektoratets regionar endra status til gytefelt. Dette fekk konsekvensar for fleire oppdrettsselskap, ved at akvakulturforskrifta § 15 b vart gjeldande for fleire lokalitetar enn før desse endringane vart gjort. Hovudkontoret informerte om dette i dei månadlege oppfølgingsmøta. Den aktuelle regionen valde, som ei føre-var tilnærming, å føre tilsyn med selskap som har lokalitetar i dei nye gytefelta.

2.1.2. Lærdom

Utvalsverktøyet har fungert etter hensikta, og gjeve regionane eit godt grunnlag for å vurdere kva selskap og lokalitetar som er aktuelle for tilsyn. Dette verktøyet gav Fiskeridirektoratet ei liste med verksemder som hadde særleg høg risiko for avvik i internkontrollsystemet. Legemiddeltilsyn som ei fast tilsynsoppgåve, vil vere godt eigna for å følgje opp slike verksemder.

I nokre tilfelle vart utvalskriteria for snevre å bruke som grunnlag for å velje ut relevante selskap. Regionane valde då å utvide utvalskriteria, for i det heile tatt å få laga ei liste over aktuelle tilsynsobjekt. Sjølv med slike utvida utvalskriterium trefte regionane godt, slik at også desse tilsyna avdekte avvik i internkontrollen og førte til endring hos verksemdene.

2.2. Kravliste

Ved oppstarten av legemiddelkampanjen publiserte vi kravlista på Fiskeridirektoratets nettside, i samband med ei nyheitsmelding om kampanjen⁷. Dette gjorde vi for å styrke kommunikasjonen med tilsynsobjekta. Vi trur dette er ein effektiv måte å kommunisere Fiskeridirektoratets krav og forventingar på. Dermed gjer vi kjent kva vi legg vekt på i regelverket, samtidig som dei meir generelle krava i forskrift om IK-Akvakultur blir gjort konkrete for eit spesifikt tilsynsområde.

Ved å publisere kravlista ved starten av kampanjen, fekk akvakulturnæringa sjå kva Fiskeridirektoratet legg vekt på for å oppfylle miljøkrava ved bruk av legemiddel mot lakselus.

2.3. Særskilde utfordringar

2.3.1. Utforminga av regelverket

Det er ei utfordring at regelverket i liten grad er funksjonsbasert. Når det gjeld badebehandling med legemiddel, er det sett ei klar grense, 500 meter, utan at det er teke omsyn til årstid, type legemiddel, straumforhold med vidare. Regelverket, slik det fungerer i dag, kan føre til dårlegare fiskevelferd og høge tal på døde individ på einskilde lokalitetar. Regelverket omfattar heller ikkje badebehandling mot skottelus, noko som fører til at verksemdene kan behandle fisken med dei same legemidla, så lenge behandlinga er mot skottelus.

Utforminga av regelverket har mellom anna ført til at Fiskeridirektoratet ved region Nord har motteke åtte dispensasjonssøknader frå akvakulturdriftsforskrifta § 15 b i 2019 og 2020.

⁶ [Høring av forslag til endringer i akvakulturregelverket - Fiskeridirektoratet](#)

⁷ [Vil sjå nærare på bruk av legemiddel til avlusing \(fiskeridir.no\)](#)

Søknadene har omhandla drifta ved totalt ti akvakulturlokalitetar. I tillegg vart regionen informert om minst tre tilfelle med badebehandling mot skottelus ved lokalitetar som ligg i gytefelt for torsk. På ein lokalitet vart det brukt badebehandling i merd mot skottelus, etter at regionen av slo søknad om dispensasjon for å avluse i merd mot lakselus.

Forslag til endringar i regelverket som inneber funksjonsbaserte reglar ved bruk og utslepp av legemiddel er sendt på høyring⁸. Dette kan løyse ein del av desse problemstillingane, men fram til nytt regelverk er på plass vil det framleis vere mange utfordringar knytt til korleis regelverket skal handsamast.

2.3.2. Reinsesystem

Under kampanjen vart det avdekt eitt tilfelle der eit oppdrettselskap hadde tatt i bruk ein metode for å reinse behandlingsvatn etter badebehandling med legemiddel mot lakselus i ei forbodssone. Behandlingsvatnet vart sleppt ut i eit gytefelt og nær eit rekefelt, utan at det låg føre tilstrekkeleg dokumentasjon på at vatnet var fritt for medisinrestar.


Fiskeridirektoratet legg til grunn at utslepp av reinsa behandlingsvatn fell inn under akvakulturdriftsforskrifta § 15 b. Dersom reinsa behandlingsvatn skal sleppast ut i ei forbodssone, må akvakulturverksemda i tilfelle søke om dispensasjon, jf. driftsforskrifta § 68 første ledd, jf. § 67 første ledd. Mynde til å dispensere frå akvakulturdriftsforskrifta § 15 b er delegert til regionane.

Selskap som tek i oppdrag å reinse behandlingsvatn har i tillegg eit eige ansvar for å utføre arbeidet på ein miljømessig forsvarleg måte, i tråd med det generelle kravet i akvakulturloven § 12, jf. § 2 tredje ledd.

⁸ [Foreslår ansvarliggjøring av vare- og tjenesteprodusentene i akvakulturnæringen \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no/foreslar-ansvarliggjoring-av-vare-og-tjenesteprodusentene-i-akvakulturnaringen)

3. Resultat frå tilsynet

Fiskeridirektoratet gjennomførte 22 tilsyn i kampanjeperioden (figur 4). Av desse var det eitt systemtilsyn, resten dokumenttilsyn. Talet på gjennomførte tilsyn i ein region, heng i stor grad saman med utvalet av aktuelle tilsynsobjekt kor risikoen for avvik var høg. Dette varierte ein heil del mellom regionane.



Figur 4. Omfanget av legemiddelkampanjen

Figuren viser talet på gjennomførte tilsyn i kampanjeperioden, fordelt etter Fiskeridirektoratets fem regionar.

Dei 22 tilsyna i legemiddelkampanjen gav totalt 70 avvik og 23 forbetningspunkt. Desse var fordelte på akvakulturloven § 10, akvakulturdriftsforskrifta §§ 5, 15 og 15 b, forskrift om transport av akvakulturdyr § 22 a og forskrift om IK-Akvakultur § 5 (figur 5).


Fiskeridirektoratet avdekte sju tilfelle med klare brot på forbodet mot å sleppe ut legemiddel nærare enn 500 meter frå rekefelt og gytefelt (akvakulturdriftsforskrifta § 15 b). Eksempelvis resulterte utilstrekkeleg forarbeid til at oppdrettsselskap ikkje var klar over rekefelt eller gytefelt og difor behandla fisken i heilpresenning i staden for brønnbåt, og i andre tilfelle at brønnbåtar tømde badebehandlingsvatn utan å vere klar over rekefelt eller gytefelt. Spesielt éin av Fiskeridirektoratets regionar peikar seg ut med fire klare brot på forbodet mot å sleppe ut legemiddel nærare enn 500 meter frå rekefelt og gytefelt for torsk. To av regionane avdekka ingen brot på dette forbodet.

Tilsynet fann også at fleire oppdrettsselskap har rutinar for å avklare i kva område brønnbåtane skal tømme behandlingsvatn som inneheld legemiddel. Nokre avklarar dette med brønnbåtane skriftleg, andre munnleg. Fiskeridirektoratet fann fleire tilfelle kor vurderingane som låg til grunn var for generelle og ikkje baserte på ei tilstrekkeleg kartlegging av forholda ved oppdrettsanlegget.

For å kunne bruke legemiddel til å behandle fisken mot lakselus, er det krav til å vurdere dei lokale forholda og finne tiltak for å redusere negative konsekvensar for miljøet.

Akvakulturdriftsforskrifta § 15 andre ledd, seier at verksemdene skal vurdere kva dei lokale forholda har å seie for korleis legemiddel blir spreidde i miljøet. Vurderinga skal blant anna omhandle organismar som kan bli påverka negativt av slike stoff. Verksemdene skal også beskrive tiltak dei kan sette i verk for å redusere negativ miljøpåverknad ved bruk av legemiddel mot lakselus. Desse krava var i nokre tilfelle ikkje kjende for selskapa. Andre argumenterte med at dei hadde hovudfokus på fiskevelferd. Derfor hadde dei jobba mindre

med å vurdere korleis ulike legemiddel påverkar miljøet. Med tjuve avvik og sju forbettringspunkt, skilde funna knytt til akvakulturdriftsforskrifta § 15 andre ledd seg klart ut i tilsynskampanjen.



Figur 5. Funna i legemiddelkampanjen

Oversikt over avvik og forbettringspunkt frå tilsyna som vart gjennomførte i samband med Fiskeridirektoratets legemiddelkampanje.

Akvakulturdriftsforskrifta § 15 andre ledd gjev heilt konkrete reglar for vurderingane verksemdene må gjere ved bruk av legemiddel mot lakselus, mens forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav f stiller meir generelle krav til risikovurdering.

Resultata frå tilsynskampanjen viser at verksemdene utøver internkontroll i arbeidet med å kartleggje og setje grenser for dei negative miljøeffektane frå utslepp av legemiddel. Korleis selskapa vurderer om eit utslepp av legemiddel mot lakselus er miljømessig forsvarleg, varierer både i innhald og kvalitet. Ikkje alle selskap har hatt like mykje fokus på at legemiddel kan ha negative konsekvensar for miljøet. Resultatet frå tilsynet viser at det er tretten avvik og to forbettringspunkt på kravet i forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav f, om å risikovurdere miljøpåverknaden ved bruk av legemiddel. Nest etter kravet i akvakulturdriftsforskrifta § 15 andre ledd, var det på dette punktet i regelverket akvakulturverksemdene hadde mest avvikande praksis.

Tilsyna viste også at fleire akvakulturverksemdar vel å leige inn miljøfagleg kompetanse for å risikovurdere miljøpåverknad frå legemiddel, mens andre har tilstrekkeleg kompetanse i verksemda til å gjere slike vurderingar internt. Sjølv om det vart leigd inn ekstern kompetanse, varierte desse vurderingane både i innhald og kvalitet. Dei eksterne vurderingane var ikkje i alle tilfelle utført i tråd med Fiskeridirektoratets publikasjonar om rettleiing i regelverket, men vurderingane kunne også gå ut over minimumskrava og til dømes innehalde prøvetaking av sediment for analyse av legemiddelrestar.

Ut i frå funna i tilsynskampanjen, kan det sjå ut til at Fiskeridirektoratets to publikasjonar om rettleiing i regelverket ikkje er godt nok kjende i næringa. Desse publikasjonane utdjupar krava i regelverket og signaliserer kva som minimum er forventa i verksemdene sine risikovurderingar. Alle avvika tilsynet avdekte på krava i forskrift om IK-Akvakultur, viser at både regelverket og Fiskeridirektoratets rettleiing til regelverket ikkje er godt nok implementert i internkontrollsystema til akvakulturverksemdene (tabell 1). Tømming av behandlingsvatn tett ved forbodssona rundt rekefelt, førte også til at tilsynet avdekte tilfelle av vurderingssvikt hos brønnbåtselskap.

Tabell 1. Oversikt over tal på avvik og forbedringspunkt knytt til krav i regelverket.

Krav i regelverket	Regelverk	Avvik	Forbedringspunkt
Å drive akvakultur på ein miljømessig forsvarleg måte.	akvakulturloven § 10, akvakulturdriftsforskrifta § 5 første ledd	4	1
Å drive akvakultur med særleg aktsemd for miljøpåverknad frå legemiddel.	akvakulturdriftsforskrifta § 15 første ledd	7	3
Å vurdere kva dei lokale forholda har å seie for korleis legemiddel blir spreidd i miljøet, kva organismar som kan bli påverka og kva tiltak som bør settast inn.	akvakulturdriftsforskrifta § 15 andre ledd	20	7
Å ikkje sleppe ut legemiddel nær rekefelt og gytefelt.	akvakulturdriftsforskrifta § 15 b første ledd, forskrift om transport av akvakulturdyr § 22a	7	2
Å sikre at regelverket om miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel er tilgjengeleg og kjent i organisasjonen.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav a)	3	3
Å ha oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde knytt til bruk av legemiddel er fordelt i organisasjonen.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav b)	4	2
Å syte for at arbeidstakarane har kunnskapar og ferdigheiter om internkontrollen knytt til bruk av legemiddel.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav c)	1	0
Å syte for at arbeidstakarane medverkar i internkontrollarbeidet slik at samla kunnskap og erfaring blir utnytta.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav d)	1	1
Å ha konkrete og evaluerbare miljømål for bruk av legemiddel, og utarbeide planar og tiltak for å kunne oppnå måla.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav e)	0	1
Å vurdere risikoen for negativ miljøpåverknad ved bruk av legemiddel, og utarbeide planar og tiltak for å redusere miljøpåverknaden.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav f)	13	2
Å ha rutinar for å førebyggje, avdekke og rette opp avvik frå krav som gjeld miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav g)	8	1
Å ha skriftlege rutinar som sikrar at internkontrollsystemet blir regelmessig oppdatert.	forskrift om IK-Akvakultur § 5 tredje ledd bokstav h)	2	0

4. Effekten av tilsynet

4.1.1. Evaluering

Regionane vurderer at tilsynskampanjen har fungert etter hensikta, slik dette er oppgitt i føringsbrevet. Fiskeridirektoratet har gjennom tilsyna kunne formidle ut våre forventingar til næringa når det gjeld bruk og utslepp av legemiddel, og verksemdene som har hatt tilsyn har gjennomført forbetringar som skal sørge for at regelverket blir etterlevd. Det blir også vist til at legemiddeltilsyna er godt eigna som dokumenttilsyn, og at det dermed har vore kostnadseffektive tilsyn.

Det er ei gjennomgåande tilbakemelding frå regionane at effekten av tilsynet ser ut til å ha vore god. Det blir vist til at tilsyna har ført til auka fokus på arbeidet med å redusere miljøpåverknaden frå bruk av legemiddel, og det blir mellom anna vist til følgjande døme:

- Det er registrert at selskap som har hatt tilsyn, har formidla lærdom knytt til arbeidet med å redusere miljøpåverknad frå legemiddel vidare til selskap som ikkje har hatt tilsyn.
- Eit selskap har valt å forby bruk av legemiddel med verkestoffet deltametrin på sine lokalitetar, på grunnlag av informasjon dei fekk under tilsyn. Fiskeridirektoratet informerte dei om ein ny studie⁹ som viser at deltametrin, som er verkestoffet i legemiddelet Alpha Max, kan ha større negative konsekvensar for miljøet enn kva ein tidlegare har vurdert det til. Denne studien viste at deltametrin spreier seg i gjennomsnitt over 10 km frå utsleppspunktet, i konsentrasjonar som er dødelege for hummarlarver.
- Kvaliteten er heva på risikovurderingar som gjeld legemiddelbruk og påverknad på miljøet.
- Tilsyna har synleggjort at det er viktig med samarbeid og dialog mellom oppdrettsselskap og brønnbåtselskap for å unngå ulovlege utslepp av legemiddel.

4.1.2. Lærdom

Resultata frå tilsynet med eit relativt stort tal avvik tyder på at tilsynskampanjen var viktig. Tilbakemeldingane frå regionane tyder også på at tilsyna har hatt god effekt. Dei verksemdene som har vore under tilsyn, har auka merksemda mot å redusere miljøpåverknaden frå legemiddel og å etterleve regelverket på dette området. Gjennomføringa av kampanjen gjev dermed eit godt grunnlag for å vidareføre tilsyn på legemiddelområdet, enten i form av ei prioritert oppgåve eller som ei fast tilsynsoppgåve.

I retningslinene for legemiddeltilsynet går det fram at vi skal vurdere å gjere ei etterundersøking om korleis verksemdene oppfatta tilsynet. Dette kan i større grad få fram om verksemdene hadde nytte av legemiddeltilsyna og om tilsyna førte til forbetningsarbeid i verksemda. Dette kan også bidra til å gjere tilsyna meir målretta.

⁹ Aoife E. Parsons, Rosa H. Escobar-Lux, Pål Næverlid Sævik, Ole B. Samuelsen, Ann-Lisbeth Agnalt. [The impact of anti-sea lice pesticides, azamethiphos and deltamethrin, on European lobster \(*Homarus gammarus*\) larvae in the Norwegian marine environment - ScienceDirect](#) Environmental Pollution, volume 264, 2020.

5. Oppsummering

På grunnlag av at tilsynskampanjen avdekte eit relativt stort omfang av avvik, særlig når det gjeld risikovurderingar ved utslepp av legemiddel, vurderer Fiskeridirektoratet at legemiddeltilsyna har vore viktige og at tilsyna har hatt god effekt. Dei verksemdene som har hatt tilsyn har auka merksemda mot å redusere miljøpåverknaden frå legemiddel og etterleve regelverket på dette området. Fiskeridirektoratet har gjennom tilsyna kunne formidle ut våre forventingar til næringa når det gjeld bruk og utslepp av legemiddel, og verksemdene som har hatt tilsyn har gjennomført forbetringar som skal sørge for at regelverket blir etterlevd. Tilsynskampanjen har gitt eit godt grunnlag for at tilsyn med miljøpåverknad frå legemiddel kan vidareførast som ei prioritert eller fast oppgåve, med dei forbetringane av verktøy og metode som går fram av evalueringsrapporten.

I dei fleste tilfella kor akvakulturverksemdene bryt regelverket som gjeld utslepp av og miljøpåverknad frå legemiddel, skjer det grunna for lite kunnskap om miljøet kring oppdrettsanlegget. Ikkje alle verksemdene kjende til at Fiskeridirektoratet har eit kart¹⁰ for å planlegge bruken av legemiddel i tråd med regelverket. Vidare ville korrekt bruk av Fiskeridirektoratets kartverktøy truleg ha avverja fleire av brota på det gjeldande regelverket. Fiskeridirektoratet bør difor leggje til rette for at alle verksemdene brukar kartverktøyet vårt for å planlegge bruk av legemiddel.

¹⁰ [Lusebehandling \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no/lusebehandling)



FISKERIDIREKTORATET

Telefon: 55 23 80 00

E-post: postmottak@fiskedir.no

Internett: www.fiskerdir.no

Livet i havet - vårt felles ansvar